

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:

Sakshandsamar
Øystein Svindland/
Personvernombod/
Tlf: 55975558

Bergen,
13.02.2013


Høringsuttale - Endringar i kreftregisterforskrifta

Det nye endringsforslaget mogleggjer ein ikkje-samtykkebasert og permanent lagring av *allereie* innhenta helse- og personopplysningar knytt til negative funn som er avdekkja i screeningprogramma i Kreftregisteret. Samtykkekravet vil bli erstatta av ein reservasjonsrett. Forslaget er ei oppfølging av høyringa frå i fjor, som berre gjaldt lagring av data frå framtidige negative funn.

Den føreslåtte endringa er i tråd med det Helse Bergen HF påpeika i førre høyringsrunde. Lagring av mest mogeleg komplette data - både dei historiske og dei framtidige - vil gje eit godt grunnlag for å kunne sjå og samanlikne utviklingstrekk. Dette vil bidra til å auke verdien av screeningprogramma som grunnlag for forskning og styring, planlegging og kvalitetssikring av helsetenesta. Av helse- og tryggingssyn er det dessutan nødvendig å lagre historiske data for å kunne sende ut invitasjonar og påminningar til deltakarar i programma.

Endringsforslaget vil betre kvaliteten på eit verdifullt datamateriale. Samstundes vil personverninteressene vere tilstrekkeleg ivaretekne gjennom reservasjonsretten. Helse Bergen HF støttar såleis dei føreslåtte endringane i kreftregisterforskrifta.

Med venleg helsing
Helse Bergen HF



Alf Henrik Andreassen
Fagdirektør

Kopi: Helse Vest RHF